

VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I HAREID KOMMUNE

Endring frå 1. august 2023

Vedtektena gjeld for desse barnehagane:

- Bigset barnehage, 0 – 5 år
- Hareid barnehage, 0 – 5 år
- Syverplassen barnehage, 0 – 5 år

§ 1 Eigartilhøve og forvaltning

- a) Hareid kommune eig og driv barnehagane.
- b) Levekårsutvalet har forvaltnings- og tilsynsansvar.
- c) Administrasjonen er lagt til sektor for læring og kultur ved kommunalsjef.
- d) Drifta skal vere i samsvar med dei avgjerder og retningslinjer som går fram av Lov om barnehagar (barnehagelova), og forskrift til denne (rammeplanen) og med den fastsette årsplanen for drifta.

§ 2 Formål og innhold

- a) Barnehagen skal gje born under opplæringspliktig alder gode høve til utvikling og aktivitet i nær forståing med heimen til borna.
- b) Barnehagen skal hjelpe til med å gje borna ei god oppseding i samsvar med grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon.
- c) Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemد.
- d) Barnehagen skal formidle verdiar, kultur, gi rom for borna si kulturskaping og medverke til at alle born får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

§ 3 Samarbeidsutval og foreldreråd:

- a) Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval og foreldreråd jamfør paragraf 4 i barnehagelova.
- b) Samarbeidsutvalet skal vere samansett slik:
 - I. 2 representantar frå foreldra,
 - II. 2 representantar frå dei tilsette
 - III. og inntil 2 representantar frå kommunen.



§ 4 Planar:

Kommunen har ein overordna kvalitetsplan som barnehagane følgjer. I tillegg skal kvar barnehage utarbeide ein årsplan som skal fastsetjast av samarbeidsutvalet, jamfør barnehagelova paragraf 2.

§ 5 Leike og opphaldsareal

Borna skal ha følgande areal tilgjengeleg i barnehagen:

- 3 – 6 år: 4 kvadratmeter per barn
- 0 – 3 år: 5,3 kvadratmeter per barn

§ 6 Opningstid/foreldrebetaling

- a) Opningstida i barnehagane er frå klokka 06.45 – 17.00. Opningstida kan tilpassast behovet til brukarane etter nærmere vurdering i samarbeidsutvalet.
- b) Barnehageåret startar til vanleg i veke 33 (gaugust). Gjeld frå 2024.
- c) Éin av dei kommunale barnehagane har ope i feriar og høgtider. Born med plass i dei feriestengte barnehagane må bytte barnehage i desse periodane.
- d) Borna skal ha minst 4 veker ferie i løpet av eit driftsår. Av desse bør 3 veker vere samanhengande og helst i løpet av juni, juli og august.
- e) Barnehagane er stengde 5 vekedagar i løpet av barnehageåret i samband med planleggingsdagar. Planleggingsdagane vert sett inn i barnehageruta og årsplanen til barnehagen.
- f) Barnehagane er stengte jul- og nyttårsaftan, onsdag før påske stenger barnehagane kl. 12.
- g) Betalingssatsane vert fastsett av Stortinget, kostpengar vert årleg fastsett av kommunestyret.
- h) Det vert gitt søskenmoderasjon frå og med andre barnet. Moderasjonen vert gitt i samsvar med retningsliner og minimumssatsar i forskrift til foreldrebetaling jamfør barnehagelova. Reduksjonen gjeld også der søsken går i forskjellig barnehage innan same kommune og mellom kommunale - og private barnehagar.
- i) Betalinga er delt over 11 terminar. Betalingsfrist den 20. i kvar månad. Juli er betalingsfri månad.
- j) Det vert kravd full betaling sjølv om barnet har fråvær på grunn av sjukdom eller av andre årsaker, eventuelt med unntak av rettar etter lov og forskrifter. Føresette kan få dispensasjon for barnehagebetaling i særskilde tilfelle, etter søknad.
- k) Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetaling vert regulert av *forskrift om foreldrebetaling i barnehager*.
- l) Ubetalte rekningar for tidlegare opphold i barnehage/SFO må gjerast opp før barnet kan ta til i barnehagen ved tildeling av ny plass.
- m) Ved manglande betaling kan kommunen seie opp plassen med 1 månads varsel. Det er klagerett på slikt vedtak.



§ 7 Opptak

- a) Opptak av born i barnehagen vert delegert til kommunedirektøren ved kommunalsjef for sektor for læring og kultur.
- b) Ankeinstans er formannskapet.
- c) Søknad om opptak skal skje på elektronisk søknadsskjema.
- d) Nytt hovudopptak vert årleg lyst ut i januar/februar.
- e) Tildeling av plass gjeld fram til skulestart eller til plassen vert sagt opp etter dei retningslinene som er sett i vedtekten.
- f) Barn som fyller eitt år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til plass fra august, jamfør barnehagelova paragraf 16.
- g) Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november i det året det vert søkt om barnehageplass, har rett til plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år, jamfør barnehagelova paragraf 16.
- h) Barn med nedsett funksjonsevne vert prioritert ved opptak, jamfør barnehagelova paragraf 18.
- i) Barn det er fatta vedtak om etter barnevernslova vert prioritert ved opptak, jamfør barnehagelova paragraf 18.
- j) Søsken skal så langt råd få høve til å gå i same barnehage.
- k) Born som har siste år før skulestart vert prioritert ved opptak.
- l) Dersom borna står likt ved opptaket, blir eldste barnet prioritert.
- m) Kommunen er rekna som eitt opptaksområde.
- n) Born vert rekna som over 3 år fra 1. august det året dei fyller 3 år.
- o) Born frå andre kommunar får tildelt plass for maksimalt eitt år, og må søkje på nytt ved neste hovudopptak.
- p) Dei som får tildelt plass, tek mot plassen ved å svare elektronisk på tilbod om barnehageplass på dei vilkår som er gitt i vedtekten.

§ 8 Oppseiing

- a) Oppseiing kan berre seiast opp på elektronisk skjema.
- b) Fram til 1. mars er oppseiingstida 1 månad. Mellom 1. mars 30. juni er oppseiingstida 2 månadar.
- c) Oppseiingstida byrjar alltid den 1. i månaden etter oppseiingsdato. Det vil seie at om du seier opp plassen 2. februar, startar oppseiingstida 1. mars.

§ 9 Helseattest/sjukdom.

- a) Før barnet tek til i barnehagen, skal det leggjast fram helseerklæring på eige skjema.
- b) Born som er sjuke må ikkje møte opp i barnehagen. Med sjuke born meiner ein born som har feber, omgangsjuke, utslett eller andre sjukdomar som gjer at barnet ikkje kan vere ute eller må ha ro. Barnehagane fylgjer råda til [Lese her for meir informasjon](#).
- c) Kommuneoverlegen er ansvarleg for det hygieniske tilsynet ved barnehagen.



§ 10 Ansvar

- a) Kommunen teiknar kollektiv ulykkesforsikring for borna og har ansvar for dei i den tida dei er i barnehagen.
- b) Borna sine private eigedelar er ikkje dekte av kommunen sin innbuforsikring med unntak av dei tilfelle der kommunen har juridisk ansvar for skaden.
- c) Barnehagen informerer foreldra om forsikringsavtalar i årsplanen for barnehagen.

§ 11 Internkontrollsysteem

Barnehagelova paragraf 9 *Internkontroll i barnehagen*. Alle barnehagane skal ha eigen internkontrollsysteem som dokumenterer dei lover, forskrifter og vedtak som barnehagane byggjer på og dei rutinar for internkontroll som gjeld. Det er styrar sitt ansvar å halde system for internkontroll oppdatert. Vi syner elles til kommunen sitt kvalitetskontrollsysteem.

§ 12 Teieplikt

I tråd med barnehagelova paragraf 44, har personalet og barnehageeigar teieplikt etter reglane i forvaltningslova paragrafane 13 til 13g. Paragraf 46 i barnehagelova understrekar personalet si opplysningsplikt til barnevernet.

§ 13 Endring i vedtekten

Kommunestyret godkjenner/endrar vedtekten for dei kommunale barnehagane i Hareid kommune etter framlegg frå levekårsutvalet.

Endring av vedtekten gjeld frå 1. august 2023